

Møtebok 4-24, Lykling sokneråd 3.04.24

Tid: kl 19:00 Stad: Lykling kyrkje

Rådsmedlem:

Roald Drønen, Silje E. Oldereide, Sissel S. Gåsland, Hildegunn L. Stautland, Sverre Leon Larsen, Elisabeth H. Grønnevik

Vara: Astri Sakseide

Saksliste:

Sak 19-24 Godkjenning av referat og innkalling

Sissel S. Gåsland hadde ikkje motteke referat. Skrivar sender dette i etterkant av møte.

Sak 20-24 Meldingar og skriv

Ingen meldingar eller skriv.

Sak 21-24 Venelag for Lykling kyrkje

Ingen har meldt seg til å sitja i eit styret så langt, men det er komen nokre namn på plass knytt til dugnadsgruppa. Det blir jobba vidare med namn og informasjon ut på nett for å gjera dette endå betre kjent.

Sak 22-24 Fastsetjing av møtedatoar framover

To datoar fram mot sommaren blei fastsett: 8. mai og 5. juni.

Sak 23-24 Førebuing til konfirmantgudsteneste 25. april

Soknerådet bidreg med innkjøp av pizza og kaker til kaffi etter gudstenesta. Ein må også klargjera kappene i forkant.

Sak 24-24 Førebuing til konfirmasjonar og 17. mai

Sakseide gartneri lagar krans til 17. mai.

Sak 25-24 Årsmøte

Rekneskap og årsmeldingane er klare og blir kopiert opp til årsmøte. Sissel les opp årsmelding frå soknerådet og kyrkjearbeidet, medan Linda les opp rekneskapen. Roald les årsmelding frå prestane.

Soknerådet koker kaffi og kjøper inn kaffi, kjeks og twist.

Sak 26-24 Ymse

- Hildegunn og Silje informerte frå møte i fellesrådet. Flott og kjekt samarbeid. Det blir jobba mot ei felles samling for alle sokneråda i september.
- Elisabeth etterspurde om soknerådet sjølv kan bestilla inn krans til 17. mai, då det er naturleg at dette ligg til rådet som også skal betala for kransen. Dette blei ein samstemt einig i å gjera i år og i åra som kjem.
- Kan konfirmantane stille i flaggborg 17.mai? Roald tek dette opp i neste møte med konfirmantane og ser på om det også let seg gjera å innarbeida dette som eit årleg oppdrag for konfirmantane

Neste soknerådsmøte er 8.05.24 kl 1900 i Lykling kyrkje.